



BARNEOMBUDET

Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

Deres ref: Vår ref: Saksbehandler: Dato:
16/01603-2 Helene Kløcker 21. februar 2017

Høyring av endringar av Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar.

Vi viser til « Høyring – forslag til Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar» av 9. desember 2016, og takkar for høvet til å koma med våre kommentarar.

Barneombodets mandat

Barneombodet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet skal særleg fylge med på at lovgjevnad til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Ombodet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ivareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for, med meir. Mandatet til Ombodet er avgrensa til barn under 18 år.

Samandrag av høyringssvaret til Barneombodet

Barneombodet er positiv til ei felles forskrift for pedagogisk bemanning og dispensasjoner. Vidare følgjer eit kort oversyn over dei viktigaste synspunkta våre til forslaga i høyringa. Desse vil vi utdjupa seinare.

Barneombodet

- støttar forslaget om å fjerne intervallet for talet på barn per pedagogisk leiar
- støttar forslaget om ei tydelegare presisering av at barnehageeigarar må vurdera om den pedagogiske bemanninga er tilfredsstillande
- støtter forslaget om å oppretthalda ei maksimumsgrense for talet på barn pr. pedagog
- støttar forslaget om å sjå på barnet som tre år frå august det året barnet fyller tre år
- støttar forslaget om at tida barnehagestyraren nyttar til administrasjon og leiing ikkje skal telja som ein del av bemanningsnorma
- støttar forslaget om å ikkje vidareføra avgjerda om unntak frå utdanningskravet for personalet som arbeider i barnehage på nattetid

Generelle kommentarar til høyringa

Barneombodet støttar forslaget om ei ny felles forskrift for pedagogisk bemanning og dispensasjonar i barnehagen. Det å samla reglane i ei forskrift og samstundes leggja vekt på språklege forbetringar, kan gjera forskriftene meir forståelege, og dermed føre til at barnehageeigarar, styrarar og pedagogiske leiarar etterlever regelverket betre . Barneombodet er kjent med at det finst mange ulike forskrifter til barnehageloven, og vi ser på det som ein fordel å samla forskriftene som omhandlar dei same tema under eitt. Dette kan bidra til å skapa meir likskap i dagens barnehagepraksis.

I høyringssvaret vårt vel vi å kommentera dei forslaga vi støttar (Sjå over), og nummereringa av avsnitta viser tilbake på tilsvarande nummer i høyringsnotatet.

2. Talet på barn per pedagogisk leiar – intervall og ansvaret til barnehageeigaren for forsvarleg pedagogisk bemanning

Barneombodet støttar at intervallet for talet på barn per pedagogisk leiar bør fjernast. Vidare støttar vi at det kjem ei presisering av at barnehageeigarane må vurdera om den pedagogiske bemanninga er tilfredstillande.

I dag er pedagognorma gjeven i forskrifta om pedagogisk bemanning § 1. Her er det sett fast at talet på barn som ein pedagogisk leiar kan ha ansvar for, er gjeve som eit intervall frå 14 til 18 store born eller frå 7 til 9 små born. Utdanningsdirektoratet foreslår å fjerne intervallet om pedagogisk bemanning. Dei meiner at ei tydeliggjering og presisering av at barnehageeigaren har det overordna ansvaret for ei forsvarleg bemanning er tilfredsstillande, gjer at ei nedre grense ikkje er naudsynt.

Barneombodet ser fram til å følgja med på om effekten av desse presiseringane aukar kvaliteten på tilboden til borna. Barnehageeigaren har alltid det overordna ansvaret for ein forsvarleg bemanning, og skal til kvar tid vurdera kor mange barn det er forsvarleg å ha i ei gruppe.

Barnehageeigaren skal utføra ei skjønnsmessig vurdering av forsvarlegheita i bemanninga. Barneombodet meiner omgrepa «forsvarleg bemanning» og «tilfredstillande pedagogisk verksemد» er for vase og må presiserast for å få til kvalitet i barnehagen.

Vi er i tvil om barnehageeigarar har god nok kjennskap til å vurdera det enkelte barnet sine behov, eller behovet til barnegruppa. Vi meiner at ei konkret vurdering av kvardagen til borna må basera seg på gjevne faste kriterium. Kriteria kan til dømes vera behov for spesialpedagogisk hjelp, nedsett funksjonsevne eller om barnet treng ekstra støtte og omsut av ulike grunnar i ein periode. Barn som treng ekstra støtte i heile eller periodar av liva sine, må vera ein del av vurderingsgrunnlaget for når barnehagen skal styrka bemanninga.

Vi meiner òg at barnehageeigarar kan ha ulike økonomiske motiv for å vurdera at talet på barn per voksen er forsvarleg, utan å ha godt nok oversyn over tilhøva i den enkelte barnehagen som er skildra over.

Kunnskapsdepartementet må difor sette vilkår i forskrift for den vurderinga som skal leggjast til grunn for om bemanninga er forsvarleg og tilfredsstillande. Det må i tillegg stillast krav til barnehageeigaren om å dokumentere vurderinga. Dette kan gjera det lettare for dei som førar tilsyn å synleggjera og etterprøva krava og pliktene som barnehageeigaren har.

2.3 A Andre presiseringar av pedagognorma og bemanningsnorma

Barneombodet støttar direktoratet i å oppretthalda eit maksimum mengde barn per pedagog i barnehagen.

Vi støttar òg at det må gå tydeleg fram av forskrifa at eitt barn til, utover maksimumsgrensa som er sett, skal utløyse ei ny fulltidsstilling som pedagogisk leier. I dag er det slik at norma for pedagogisk bemanning vert sett fast i rundskriv nr. F – 04/2011 § 1. Vi meiner at det må slåast fast at pedagognorma gjeld, uavhengig av kor lenge borna oppheld seg i barnehagen. Det same gjeld tolkinga som seier at ein pedagogisk leiar ikkje kan nyttast av fleire avdelingar dersom desse ikkje er geografisk samlokalisert. Fordelinga av tilsette i barnehagen skal vera forsvarleg kvar dag per avdeling, og etter alder og talet på barn.

Bemanningsnorma

Vi ser at direktoratet i høyringsnotatet ikkje vektlegg bemanninga i barnehagen generelt. Barneombodet meiner at for å få til god kvalitet i barnehagen, vil talet på barn per vaksen generelt vera ein avgjerande faktor.

Vi synest det er positivt at Utdanningsdirektoratet meiner at både bemannings – og pedagogtettleik kan ha tyding for det pedagogiske tilbodet borna får i barnehagen. Barnehageloven seier at bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan driva ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Vi meiner at for å få til dette, må det vera nok vaksne i barnehagen.

Vi meiner det trengst ei lovfest bemanningsnorm, og viser til Barneombodet sitt «Høyringsnotat om forslag til rammeplan for innhaldet til barnehagen og oppgåver» frå 20.januar 2017. Her trekkjer vi fram at Øie-utvalet konkluderte i januar 2012 med at bemanningsnorma bør vera ein vaksen per tre barn under tre år, og ein vaksen per seks barn over tre år.

Barneombodet er opptatt av at alle barn i barnehagen skal ha det trygt og godt. Å ha for få tilsette på jobb, kombinert med uføreseielege hendingar i ei barnegruppe eller hos eit enkelt barn, er uforsvarleg. Desse situasjonane reduserer det reelle høvet tilsette i barnehagen har til å driva ei pedagogisk forsvarleg verksemd. Bemanningsnorma er avgjerande for om den nye rammeplanen med alle forpliktingane sine lèt seg gjennomføra i ein hektisk kvardag.

Barneombodet meiner det bør innførast eit lovfest minstekrav til bemanning i barnehagen. Det bør vera ein vaksen per tre barn under tre år, og ein vaksen på seks barn over tre år.

3. Treåringen

Barneombodet støttar forslaget om å forskriftsfeste at barn vert rekna som tre år frå august det året dei fyllar tre år. Vi meiner dette er eit viktig endringsforslag i høyringa, fordi dette kan bidra til å auka vaksentettleiken i vårhavåret det året borna fyllar tre år. Oppfølginga av barnehageloven, barnekonvensjonen og alle forpliktingane i den nye rammeplanen blir styrkt ved at det er fleire vaksne på jobb kvar dag.

Det er i dag store ulikskapar i korleis dagens ordning vert praktisert. Barneombodet er glad for ei klårare linje for når eit barn vert rekna som tre år. Vi meiner, som Utdanningsdirektoratet, at ei tettare oppfølging av vaksne for barn i denne aldersgruppa er viktig.

«August-modellen» vil òg vera viktig i samband med tryggleiken og trivselen til borna. Barnehageborn har krav på eit godt tilbod med flest mogleg vaksne rundt seg, uavhengig av kor dei bur i landet.

I dei statlege overføringane til kommunane er det lagt til grunn at treåringen skal sjåast på som store frå 1. august det året dei fyllar tre år. Ein «august-modell» i forskrifta ryddar av vegen ulikskapar og ulik praksis i kommunane. Barneombodet ynskjer ei ordning som er rettferdig og lik for alle treåringane i Noreg.

5. Styraren

Barneombodet støttar direktoratet i å vidareføre avgjerala om at tida styraren nyttar til administrasjon og leiing, ikkje skal telja som ein del av pedagognorma.

8. Nattarbeid i barnehagane

Vi støttar òg forslaget om å ikkje vidareføra avgjerala om unntak frå utdanningskravet for personalet som arbeider i barnehagane på nattetid. Vi meiner at alle barn har rett til å ha pedagogisk bemanning den tida dei har opphaldet sitt i barnehagen.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Helene Kløcker
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga signatur.